

**STIFTINGSDOKUMENT
FOR
RETURA SØRE SUNNMØRE AS**

År 2004 den 02.12.04 vart det halde stiftingsmøte for selskapet Retura Søre Sunnmøre AS på Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS sitt kontor i Hovdebygda.

Tilstade for stiftar Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda, Org nr 984 068 085 MVA var: styreleiar Ann Britt Våge Fannemel, nestleiar Ivar Aarskog, medlem Reidun Vigestad Berge, medlem Ove Lid, medlem Ove Myklebust, representantskapsleiar Gudny Fagerhol og dagleg leiar Petter Bjørdal.

Disse underteiknar protokollen.

A. VEDTEKTER FOR RETURA SØRE SUNNMØRE AS.

§ 1. FIRMA.

Selskapet sitt namn er Retura Søre Sunnmøre AS

§ 2. FORRETNINGSKONTOR

Selskapet sitt forretningskontor er i Ørsta Kommune, med kontoradresse Torvmyrane 29 6160 Hovdebygda

§ 3. VERKSEMD.

Selskapet sitt føremål er å tilby miljøvennlege tenester og produkt innan avfallshandtering, innsamling, sortering, bearbeiding og transport av avfall.

Selskapet kan og drive med anna verksemd som har samanheng med dette, herunder eige og drive fast eigedom, utnytting av råvarer samt deltaking i andre føretak med liknande verksemd.

§ 4. AKSJEKAPITAL.

Selskapet sin aksjekapital er på kr 500.000,- fordelt på 50 aksjar à kr 10.000,- lydande på namn. Aksjane skal ikkje vere registrert i Verdipapirsentralen

§ 5. STYRE.

Selskapet sitt styre skal ha frå 3-5 medlemmer etter generalforsamlinga sitt nærare vedtak.

Det skal veljast personlege varamedlemmer. Funksjonstida er to år.

Selskapet sitt firma vert teikna av styreleiar saman med dagleg leiar.

Styret kan meddele prokura.

§ 6. GENERALFORSAMLING.

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av juni månad. Innkalling skjer med 8 dagars varsel.

Ordinær generalforsamling skal handsame desse sakene:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse
2. Bruk av overskot / dekking av underskot og utdeling av utbytte.
3. Val.
4. Godtgjersle til styret.

5. Andre saker som lovleg vert teke opp eller som ligg til generalforsamlinga å handsame etter aksjelova.

§ 7. ANDRE TILHØVE.

For tilhøve som ikkje vert regulert av vedtektene vert det vist til aksjelova sine reglar.

B. ANDRE STIFTINGSFØRESETNADER.

Aksjane skal teiknast til pari kurs og betalast med ein overkurs på kr 200,-, dvs kr 10.200,- pr aksje, og teikninga skal skje i dette møtet.

Teikna aksjar skal innbetalast innan 10.12.04

Stiftarane tek atterhald om at kostnaden med stiftinga skal dekkjast av selskapet. Desse kostnadene er registreringsgebyr i føretaksregisteret kr 6000,- og hjelp inntil kr 4000,- i samband med stiftinga. Dersom kostnadene med stiftinga vert lavare enn kr 4000,- vert det overskytande å føre over til overkursfondet.

C. AKSJETEIKNING.

I samsvar med det ovanfor protokollerte stiftingsdokument teikna Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, 6160 Hovdebygda, org nr 984 068 085 MVA, seg for samtlege 50 aksjar.

D. KONSTITUERING.

Etter aksjeteikning gjekk ein over til konstituerande generalforsamling og val. Selskapet vart vedteke stifta på bakgrunn av stiftingsdokumentet.

Selskapet sine vedtekter vart vedtekne i samsvar med det som er protokollert ovanfor. Det vart vedteke at styret inntil vidare skal ha tre medlemar.

Til styre vart vald:

- | | | |
|----------------------------|---|---------------------------------|
| 1. Ann Britt Våge Fannemel | - | varamedlem: Ivar Aarskog |
| 2. Gudny Fagerhol | - | varamedlem: Oddrun Aarflot |
| 3. Ove Myklebust | . | varamedlem: Bård Peder Johansen |

Til styreleiar vert vald: Ann Britt Våge Fannemel

Til nestleiar vert vald: Gudny Fagerhol

Som selskapet sin revisor vert vald registrert revisor Jon – Halvor Martinussen

Samtlege vedtak var samrøystes.

For styret i Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Ann Britt V. Fannemel
Ann Britt Våge Fannemel (leiar)
Ove Myklebust
Ove Myklebust
Petter Bjørndal
Petter Bjørndal (dagleg leiar)

Ivar Aarskog
Ivar Aarskog (nestleiar)
Reidun Vigøstad Berge
Reidun Vigøstad Berge
Gudny Fagerhol
Gudny Fagerhol (leiar repskapen)